1535-Vestnes	Båtbyggarmuseet Vestnes	Uttak av emner til mast for jagtgaleasen Søblomsten	Båtbyggarmuseet på Vestnes er i gong med eit langsiktig og målretta restaureringsarbeid av jaktgaleasen Søblomsten. I påvente av endeleg restaureringsplan som vert grunnlag for det langsiktige restaureringsarbeidet, ynskjer vi i denne omgang å søke støtte til uttak av tømmer til stormast, mesanmast, klyverbom og generelt til riggen på Søblomsten.	Innvilga	281 800	140 000	Prosjektet har sysselsettingseffekt innan fartøyvernfeltet og vil støtte lokale bedrifter med uttak av tømmer til stormast og mesanmast for jaktgaleasen. Det er inngått eigarskifte av Søblomsten, der vernestatus er anbefalt vidareført av Riksantikvaren, under vilkår om godkjent søknad og synfaring når fartøyet er på plass på Vestnes.
1515-Herøy	Karlsen, Arnfinn J K	"Kultur-slippen i Tjørnvåg" Slippen for gamle trebåter	Ferdigstilling av ein båtslipp for tradisjonsfarty. Dei fleste tradisjonelle slippar er sanerte til fordel for sokalla "båtliftar" Dette er ei innretning som primært er berekna på plast og stålbåtar. Det er brukt fleire titals millionar på desse trafartya av offentlege midlar. No og frametter vert desse påført skade av dei vert nærast løfta etter håret. Eg vil stille kulturvogna i Tjørnvåg til disposisjon for desse fartya. Syner elles til uttale frå Hesthammer.	Avslått	800 000	0	Av budsjettmessige årsaker kan vi ikkje gje tilskot til Dykkar prosjekt, då verna og freda fartøy har vorte prioritert.
1507-Ålesund	Musea på Sunnmøre	Rabattering av dekk på MK Heland	Dekket på MK Heland har nådd grensa for anbefalt vedlikehaldsintervall for rabattering, og det må rabatterast, drivast og bekast på nytt. Det er byrjande små lekkasjar frå dekk, og det er viktig at ein unngår at desse får utvikle seg.	Innvilga	80 000	80 000	M/K Heland er ein fiskekuttar bygd på Vestnes i 1937. Under andre verdskrig gjekk kuttaren med agenter frå Milorg på Vigra og flyktningar over til Shetland. Fartøyet gjorde seinere fleire turer mellom Shetland og Norge for Shetlandsgjengen, men ble i 1943 stasjonert som reservebåt i Scalloway. Heland er under eigarskap til Sunnmøre Museum og står på Riksantikvaren si verneliste. Omsøkte tiltak vil styrke sysselsetting i lokal bedrift og har derfor fått innvilga tilskot.
1579-Hustadvika	Romsdal Kystlag	Stativ til vinterpressending	M/S BRAND er en veteranbåt varig vernet av Riksantikvaren. Søker ønsker tilskudd til stativ til vinterpresenning.	Avslått	15 000	0	Vi har prioritert tiltak som sikrar sysselsetting som følgje av Koronakrisa, og av budsjettmessige årsaker kan vi derfor ikkje prioritere tilskot til Dykkar prosjekt.

## Tilskot til fartøyvern

1516-Ulstein	Stiftinga MS Hindholmen	Hindholmen - Rør for styremaskin	Søker ønsker midlar til å setje i gang prosjekt med nye hydraulikkør for styremaskin. Styremaskin er ein drifts- og sikkerheitskritisk komponent ombord. Slik røra ligg i dag er dei veldig utsette, og samstundes sperrar dei for godt vedlikehald av tredekket. Dette har ført til omfattande skadar på dekket. Ei lokal bedrift (Dimo As) i bransjen treng nye oppdrag, og kan starte arbeidet omgåande.	Innvilga	369 000	233 000	Tiltaket vil styrke sysselsetting i lokal bedrift og bidra til at vedlikehold av tredekk blir enklere ved å skifte ut hydraulikkør.
					1 006 000	500 000	

## Bevaring og restaurering av kulturminne

Møre og Romsdal fylkeskommune ønskja å medverke til å sikre, sette i stand, bevare og restaurere bygningar og anlegg av regional eller høg lokal verneverdi i fylket, etter antikvariske retningslinjer. Ramma var satt til 1,6 mill. kr og både private eigarar av kulturminne og kulturmiljø samt stiftingar, foreiningar, organisasjonar, sameige, frivillige, kommunar og museum i Møre og Romsdal kunne søkje om tilskot gjennom ordninga. Ordninga hadde også som mål å sysselsette kvalifiserte handtverkarar og anna fagpersonell.

Det kom inn totalt 22 søknadar. 10 av søknadene vart innvilga og 12 søknader fekk avslag. Den samla søknadssummen var på 6,071 mill. kroner.

Kommune (søkjar)	Søkjar	Tittel på søknad	Beskriving	Prosjekt-status	Søkt	Innvilga	Endeleg vedtak
1554-Averøy	Averøy Skolemuseum	Flytting av Averøy Skolemuseum	Averøy Skolemuseum er den første fastskolebygningen som ble bygd på Vebenstad i Bådalen, Averøy. Bygningen er i original stand fra 1910, og er veldig godt utrustet med inventar, bøker og utstyr fra ulike tidsepoker. Skolemuseet har vært i kommunalt eie frem til nå, men for å gjennomføre flytteprosjektet har den nyopprettede foreningen "Averøy Skolemuseum" overtatt eierskapet til skolemuseet fra kommunen. Skolemuseet står i dag på grunn som er solgt til private eiere, og skal flyttes til Gamle Kvernes Bygdemuseum. Museet blir eiere når bygningen er flyttet.	Innvilga	250 000	250 000	Det gamle skulebygget i Bådalen er registrert som regionalt verdifullt kulturminne. Tilskotet gjeld første fase i prosjektet med flytting av skolemuseet. Det ligg til rette for rask oppstart, og tiltaket vil ha positiv effekt for sysselsettinga i dei aktuelle utførande verksemdene.
1506-Molde	Bjørn Eikås	Fredsvik Gard - Prosjekt Ishus	Ishuset som vart brukt til oppbevaring av is, som dei skar på våren, i ei demning ovom garden. Transportert ned med hest og slede. Isen vart brukt til nedising av laks, som vart sendt til Kristiansund. På innsida var der ei innerkasse. Mellom den og tømmerveggen var det brukt sagma som isolasjon, slik hadde dei is til Juli månad. Garden har hatt kilenotfiske som næring og dei fiska stamlaks til Driva. Sunndalsfjorden er ein nasjonal laksefjord. Ishuset er difor ein viktig del av lokalkulturarv	Avslått	308 750	0	Søknaden ble trukket.
1577-Volda	Dalsfjord Sogelag	Søknad om restaurering av grindnaust	Naust med grindbyggkonstruksjon og gråsteinsvegg på vestsida av naustet. Søknaden gjeld nedplukking og drenering og oppatmuring av muren. Samt utskifting av diverse skada deler i trekonstruksjonen.	Innvilga	189 000	180 000	Korsfurgarden er listeført som regionalt verdifullt kulturmiljø. Prosjektet vil ha god, dokumentert sysselsettingseffekt og omfattar fleire handverksfag. Det ligg til rette for rask oppstart av byggeprosjektet.
1506-Molde	DNT Romsdal	Restaurering av tak gamle Storlihytta	Søker tilskudd til restaurering av taket på gamle Storlihytta i Moldemarka. Den gamle hytta fra 1889 står som et håndfast bevis på Moldes historie knyttet til den tidlige turisttrafikken og Grand Hotell. Hytta var opprinnelig ment som et utfluktssted for hotellets gjester og viser hvor viktig Moldemarka og friluftslivet var allerede på slutten av 1800-tallet. Denne delen av historien vil DNT Romsdal ivareta ved å restaurere den gamle Storlihytta. Keiser Wilhelm II besøkte hytta i 1902.	Avslått	315 500	0	Tiltaka i prosjektet er ikkje avklart med fylkeskommunen enda. Med bakgrunn i dette er søknaden avslått.
1506-Molde	Eira Ungdomslag	Vedlikehald Skogly i Eresfjord	Vedlikehald og omlegging av skifertak samt skrapping og maling av huset utvendig. Bordkledning på eine vegg skal òg bytast ut.	Innvilga	150 000	150 000	Prosjektet ivaretar et kulturminne av regional verdi og har god sysselsettingseffekt.

## Bevaring og restaurering av kulturminne

1554-Averøy	Gammelfossens Venner v. Harald Ødegård	Sikringstiltak tørrmuren til det gamle mølleanlegget fra 1852 i Bruhagen	Søker ønsket støtte til vedlikehold av tørrmurstrukturen til det helmurte våningshuset i mølleanlegget fra 1852, i Gammelfossen i Bruhagen. Det er sprekker i overliggerne i flere vindusåpninger og i en døråpning. Det er viktig å sikre disse foreløpig med stålprofiler for å unngå ytterligere forfall samt personskaide på mennesker som ferdes i og ved murstrukturen.	Innvilga	47 256	40 000	Regionalt verdifullt kulturminne. Gjelder prekære sikringstiltak og inngår i meir omfattande og langsikte planar for bevaring og formidling av anlegget. God sysselsettingseffekt.
1577-Volda	Hauane Gard Ole Gunnar Klingberg	Sette i stand steinmur, bytte ut ødelagt bølgeblekktak med torvtak på gammalt vårfjøs.	Søknaden gjeld økonomisk støtte til å sette i stand ein gamal vårfjøs på garden. Det byrjar å haste med å få restaurert både tak og murar før naturen «tek over». Det må òg settast i stand ein steinmur samt bytte ut ødelagt bølgeblekktak med torvtak.	Innvilga	189 700	150 000	Prosjektet ivaretar et kulturminne som representerer en bygningstype av høy lokal verdi. Prosjektet har god, dokumentert sysselsettingseffekt.
1579-Hustadvika	Julshamn, Lasse	Søke om midler til å sette i stand gammelt naust som ligger i Julshamna langs kyststien	Ønsker midler til å sette i stand et gammelt og falleferdig naust. Naustet ligger langs kyststien i Julshamna.	Avslått	200 000	0	De har søkt om 100 prosent finansiering gjennom tilskot. Fylkeskommunale tilskot kan normalt ikkje utgjere meir enn 50 prosent. Søknaden manglar ei nærare kostnadsvurdering og nødvendig informasjon om korleis byggeprosjektet skal utførast og kven som skal gjere arbeidet. Det ligg ikkje til rette for å gi tilskot på grunnlag av søknaden.
1505-Kristiansund	Nordmøre museum	Søknad om støtte til renovering av tre museumsbygninger i Kristiansund	Skraping og maling av gavlvegg (nord) på Milnbrygga/Klippfiskmuseet, skraping og maling av Strandhuset og Woldhuset/Woldbrygga, mindre utbedringer av Strandhuset og Woldhuset/Woldbrygga (som skifte av vindskier, sviler og kjøler, og tetting av tak rundt skorstein på Strandhuset), samt utbedring av trekai på Milnbrygga/Klippfiskmuseet.	Innvilga	150 000	80 000	Tilskotet skal nyttast til dei tiltaka som er mest prekære, stell og maling av gavlveggen på Milnbrygga. Ut over dette kan museert nytte tilskotet slik dei finn det mest egna med omsyn til behov og framdrift.
1566-Surnadal	Nordmøre museum	Søknad om tilskot til istandsetting/restaurering, Diktarheimen Kleiva i Surnadal.	Det blir her søkt om støtte til tiltak knytt til drenering og lufting, på grunn av alvorleg fuktproblematikk i kjellar, omlegging av tak og utbetring av takrenner og pipehattar på grunn av lekkasjar, og utskifting av rote trevirke, som ein også håper og trur skal virke inn på stokkmaur-problematikk. Det vil bli vektlagt å skifte ut så lite som muleg av den opphavelige bygninga, og behalde konstruktiv styrke og funksjonell autensitet.	Innvilga	219 755	200 000	Søknaden gjeld nødvendige tiltak for å forebygge skade på bygningen og inventaret. Deler av arbeidet skal gjennomførast ved hjelp av lærlingar og frivillige. Omlegging av taket vil kunne utførast som eit ope kurs under kyndig rettleiing av engasjert kompetent handverkar.
1505-Kristiansund	Pr Eiendom Kristiansund AS	Jonas Eriksen brygga i Kristiansund	Søknad om midler til å bevare/restaurere Jonas Eriksen-bryggen. Det vil bli utført arbeid på kledning, vinduer, porter, dører, bakvegg mot fjell mm.	Innvilga	720 000	150 000	Søknaden gjeld istandsetting av ein viktig og iaugefallande bygning i det regionalt verdifulle multurmiljøet i Vågen. Det er god restaureringskompetanse i byggeprosjektet, og prosjektet vil ha reell sysselsettingseffekt.
1515-Herøy	Runde, Hans-Jakob	Søknad om støtte til vedlikehold og istandsetting av sjøbud på Runde Hamn i Herøy kommune, del 2	Søknaden gjeld støtte til istandsetting av sjøbu på Runde hamn, eit arbeid som kan delast inn i 3 hovuddelar. Arbeidet vil gå på skifte av eternit tak, skifte av eternit vegg, utbetring av vegg mot sjø og berande konstruksjon som er i ferd med å falle saman. Søkjar fekk tildelt midlar til del 1 av prosjektet, skifte av tak, i november 2019. No søker dei om midlar til del 2 og del 3 av prosjektet. Del 1 er no i planleggingsfasen og er pt. tenkt gjennomført i juli/august 2020.	Avslått	835 000	0	Søkar har mottatt tilskot frå den ordinære tilskotsordninga vår i 2020 til første trinn i prosjektet. Det utførande firma i trinn to er eit anna enn firmaet som har utarbeidd tiltaksplan og kostnadsgrunnlag. Det føreligg ikkje konkrete referansar når det gjeld restaureringshandverkar for det aktuelle firmaet. Med bakgrunn i dette er ikkje søknaden prioritert.

## Bevaring og restaurering av kulturminne

1506-Molde	Rød, Tore	Restaurering av tak på romsdalslån, Sirareiten	Søker ønsker økonomisk bistand til å ta av skifertak, utbedre skader på tro og forsterke takkonstruksjonen der det er nødvendig. Det skal også legges tett undertak og steinlekker, før skifertaket blir lagt på plass igjen. Det skal ellers monteres takrenner og pipehatter.	Avslått	770 000	0	Dei fylkeskommunale kulturverntilskota skal gå til kulturminne av regional og høg lokal verdi. Den aktuelle bygninga har høg alder og er interessant på fleire måtar, men søknaden blir ikkje prioritert i denne omgang.
1576-Aure	Seternes, Lena	Tilskudd til utbedring av fundament og maling/utbedring av ståltak på gammel brygge/salteri	Eiendommen har en gammel brygge som har vært brukt til både salteri og notdrift. Søker ønsket tilskudd til vedlikehold av det ytre, med utbedring av grunnmur i stein samt maling og mindre utbedringer av ståltak.	Avslått	150 000	0	Dei fylkeskommunale kulturverntilskota skal gå til kulturminne av regional og høg lokal verdi. Den aktuelle bygninga er interessant, men det føreligg ikkje dokumentasjon frå kommunen at dei vil prioritere salteriet som eit viktig kulturminne. Søkar må jobbe meir med søknaden og er oppfordra til å søke på ordinære kulturverntilskot i 2021.
1573-Smøla	Smøla museum	Restaurering av stabbur i Rossvoll prestegård, Smøla.	Søknaden gjelder utbedring av lekkasje på taket i stabburet. Taklekkasjen har vart over tid, noe som har medført råteskade i ene foten av sperrebukken. Under den er det råte i røstmora og sannsynligvis i raftstokken under. Skifertaket må tas ned, det må legges ny takpapp over tro med opplekting for skifer. Utvendig kledning på yttervegg må også skiftes.	Avslått	511 913	0	Søknaden viser ikkje godt nok sysselsettingseffekten og blir difor av budsjettmessige årsaker ikkje prioritert.
1532-Giske	Solbakkens venner	Søknad om tilskot til vedlikehold av Solbakken skule	Utvendig vedlikehold og restaurering av vindauge på Solbakken skule.	Innvilga	110 000	100 000	Regionalt verdifullt kulturminne. Prosjektet vil gje god sysselsettingseffekt og vil innebere ein vesentleg dugnadsinnsats som skal utførast under kyndig rettleiing av restaureringshandverkar.
1505-Kristiansund	Stiftelsen Nordmøre museum	Brunsvikens reperbane, langbanen	Søker ønsket støtte til redningsaksjon for det unike anlegget Brunsviken reperbane, som er den siste reperbanen i Norge med originalt produksjonsutstyr intakt. Vedlikeholdet starter med taket.	Innvilga	150 000	300 000	Brunsvikens reperbane er eit eineståande byggverk med sær høg verdi som kulturminne. Prosjektet gjeld ein redningsaksjon for å sikre bygget mot irreversibelt forfall. De har også søkt Norsk kulturminnefond om tilskot. Det er knytt god restaureringsfagleg kompetanse til prosjektet. Tilstanden tilseier rask igangsetting av prosjektet som såleis vil gi sysselsettingseffekt. I samråd med fylkeskommunen vart opprinneleg søknadsbeløp justert ned. Dette med bakgrunn i den økonomiske ramme for tilskotsordninga. Då alle søknader var behandla, sto det att ein rest som vart lagt inn i dette prosjektet.
1525-Stranda	Stranda kommune	Istandsetjing av våningshus på Hellesylt Bygdetun (HB)	Det er behov vedlikehold ved våningshuset på Hellesylt Bygdetun. Det står i bratt terreng og grunnmurane sig så mykje at det er fare for at det kan bli øydelagt dersom ein ikkje gjer tiltak.	Avslått	1 443 360	0	Av budsjettmessige årsaker kan vi ikkje prioritere tilskot til dette prosjektet. Søkar er oppfordra til å ta kontakt med fylkeskommunen og søke på den ordinære tilskotsordninga for kulturminne av regional og lokal høg verdi.
1563-Sunndal	Sunndal museumslag	Svalgang og tak på Flåstuo på Leikvin	Bygging av svalgang på Flåstuo for å skjermje værveggen fra været. Dette er den mest verdifulle veggen og bordkledning er utilstrekkelig og lite ønskelig. Etter dette kan taket ferdigstilles med torv.	Avslått	214 375	0	Det er ikkje tilstrekkeleg avklart med fylkeskommunen om korleis vernet best skal løysast. Med bakgrunn i dette er søknaden ikkje prioritert.
1511-Vanylven	Vanylven kyrkjelege fellelsråd	Tilskot til istandsetting av kyrkjegardsmur, Rovde kyrkje	I Vanylven har det sidan 2002 hatt stadige diskusjonar i høve å utbetre kyrkjegardsmuren på Rovde. Arbeidet har lete vente på seg, etter fleire rundar innom sokneråd, kyrkjekontor, fellelsråd, riksantikvar, spørsmål om arkeolog, og stadige vurderingar av kostnad. Kyrkjegardsmuren er framleis ikkje restaurert og er til stor fare for alle som ferdast der.	Avslått	1 664 765	0	Av budsjettmessige årsaker kan vi ikkje prioritere tilskot til dette prosjektet.

## Bevaring og restaurering av kulturminne

1532-Giske	Vigra Kringkaster Venneforening	Vigra Kringkaster Venneforening kjemper for varig vern av sendar-bygget på Vigra.	Sendar-bygget har stått ubrukt sidan 30.06.2011. Sendar-bygget er midlertidig freda fram til 01.09.20. Riksantikvaren skal vurdere varig freding, og Fylkeskonservatoren i MR fylke vil ta kontakt med Telenor Infra om utvendig vedlikehald av sendarbygget.	Avslått	300 000	0	Objektet i søknaden er midlertidig freda og faller derfor utanfor retningslinene for denne tilskotsordninga.
1532-Giske	Vigra sogelag	Utbetring av tak - Roald gamle skule	Ønskjer støtte til skifte av roteskada utreftsperrer på austenden av bygget – noko tro, lekter og vindskibord. For å utføre arbeidet må ein legge om skiferen i det aktuelle området.	Avslått	131 200	0	Sysselsetingseffekten er eit viktig vilkår i tilskotsordninga. Det er prioritert prosjekt som bidrar til å kunne sysselsette breidt. I valet mellom to prosjekt med same handverkar vart ikkje denne prioritert.
					6 070 795	1 600 000	

## Skilting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne

Støtteordninga for tilskot til skilting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne, historiske vegar og friluftsområde skal medverke til å sikre, legge til rette for og formidle kulturminne og friluftslivsområde i Møre og Romsdal. Ordninga hadde ei ramme på 1,4 mill. kr og ein kunne søkje støtte til m.a. opparbeiding av turstiar, tilrettelegging av turmål, informasjon og skiltproduksjon eller bygging av toalett og parkeringsplass i forbindelse med friluftslivsområde.

Både privatpersonar, stiftingar, foreiningar, organisasjonar, sameige, frivillige, museum og kommunar kunne søkje ordninga. Av totalt 25 søknader vart 18 innvilga og 7 fekk avslag. Den samla søknadssummen var på 5,351 mill. kroner.

Kommune (søkjjar)	Søkjjar	Tittel på søknad	Beskriving	Prosjekt-status	Søkt	Innvilga	Endeleg vurdering
1506-Molde	DNT Romsdal	Vegya - tilrettelegging av friluftsområde på den historiske øya i Romsdalsfjorden	Søker om kompensasjon for tapte leieinntekter forårsaket av samfunnstiltakene ifm. koronapandemien.	Innvilga	107 875	70 000	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Det er likevel ein føresetnad at tiltaket vert utført i tett dialog med kulturavdelinga i fylkeskommunen, og at det er gjort avklaringar med grunneigar. Det er viktig at tilrettelegginga ikkje vert øydelagt av skogsdrift som er under planlegging.
1578-Fjord	Fjord kommune	Utsiktsrydding, tilrettelegging/formidling og skogskjøtsel ved Korsbrekka, pilgrimsleia Valldalsleia	Langevåg Skytterlag leier ut festsal og kjøkken til private arrangement. I forbindelse med nedstengingen av Norge har disse inntektene falt bort. Utsatte arrangement vil fortrenge ny utleie dersom de blir arrangert senere. Leiebortfallet vil bli permanent, og søker ønsker derfor kompensasjon for tapte leieinntekter.	Innvilga	78 000	40 000	Kulturmiljøet på Korsbrekka er av høg regional og nasjonal verdi. Det er positivt med god tilrettelegging og skjøtsel. Kulturminna er alt skilta, og saman med nærleiken til sentrum og skule, gjer det området til godt eigna som turmål. Hogst, etablering av utsiktspunkt og plassering av benkar må gjerast varsamt og i samråd med kulturavdelinga i fylkeskommunen. Vi gjer vidare merksam på at opparbeiding av sti bort til utsiktspunktet kan utløyse behov for søknad om løyve om dispensasjon frå kulturminnelova, og vi ber om ei oppdatering på planane her.
1525-Stranda	Fjord Nature AS	Restaurere sti og rydde skog rundt husmurar og kulturlandskap ved Bjørkeneset i Sunnlyvsfjorden	Restaurering av sti, rydding av skog og restaurering av landgang ved Bjørkeneset i Sunnlyvsfjorden. Bjørkeneset er ein fråflytta fjordgard som i seinare år har forfalle med gjengroing og lite vedlikehald.	Innvilga	56 000	46 000	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Det er ein føresetnad for tilskotet at ryddinga vert heldt ved like.
1554-Averøy	Fortidsminneforeningen	Opprusting av skilt og opplevelser	Oppgradering/repasasjon av opplysningsskilt, utslitt etter mange år. Del av utvendig fotoutstilling med store bilder som er flyttbare på kirkebakken. Bildene skal ha både historie og tekst, og skal være en berikelse for hele kulturområdet på Kvernes.	Innvilga	95 768	48 000	Kulturområdet på Kvernes er av regional og nasjonal verdi. Prosjektet viser til sysselsettingseffekt og vil vere ei beriking for kulturområdet på Kvernes.
1577-Volda	Galleri Bjørk	Sanitærlegg i Bakketunet	Bakketunet på Bjørke inst i Hjørundfjorden driv med kunst- og kulturformidling i sommarhalvåret. Etter 11 års drift, ønskjer dei støtte til å etablere ei meir permanent og allmennyttig løysing på sanitærforholda.	Innvilga	178 500	20 000	Søknaden gjeld oppføring av nytt toalettanlegg for dei som gjestar Bakketunet, også utanom sommarhalvåret. Søknaden slik den no ligg føre, er vurdert til å ikkje vere moden for tilskot. Dette er særleg knytt til plassering og utforming av sanitærbygg. Vi ønskjer likevel å gi tilskot til ei mellombels løysing til leie av flyttbare toalett. Tilskotet føreset at ei permanent løysing vert prosjektert og planlagt i samråd med kulturavdelinga i fylkeskommunen.
1554-Averøy	Gamle Kvernes bygdemuseum	Søknad om renovering av skilt ved gravhaugene i Kvernes kulturområde	Støtte til innkjøp av skiltplate til gravhaugene på gravfeltet ved Kvernes kulturområde for at de som besøker området skal vite hva de går forbi.	Innvilga	12 000	12 000	Tilskot til nye skilt som fortel besøkjande om gravfeltet på Kvernes. Plassering av skilt skal gjerast i samråd med kulturavdelinga i fylkeskommunen.
1506-Molde	Gussiås Bygdalag	Tilrettelegging av tursti	Søker ønsker å tilrettelegge en tursti opp til Vetafjellet fra Fosterlågvegen via Nesjalia. Fjellet har Stikk UT!-post i år, og ny grunneier er positiv til prosjektet.	Avslått	50 000	0	Tiltaket ser ut til å ha liten sysselsettingseffekt og blei derfor ikkje prioritert.

## Skilting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne

1517-Hareid	Hareid kommune	Søknad om tilskot til prosjekt på Kvitneset	Kvitneset i Hareid kommune er eit kulturminne av lokal og nasjonalverdi i høve 2. verdenskrig med tilhøyrande historie og kulturminnefunn. Kommunen satsar på reiseliv og ynskjer ilag med lokalmiljø og næringsliv å utvikle Kvitneset til ein attraksjon både for lokale og nasjonale gjestar.	Innvilga	500 000	250 000	“Krigsminna på Kvitneset er av stor lokal og regional verdi. Midlane vert gitt til skilting og sikring av krigsminna, samt til bygging av stiar. Tiltaka må gjerast i samråd med fylkeskommunen.”
1539-Rauma	Idé- og prosjektgruppa for Diktarstien	Tilrettelegging av Diktarstien - ord på vandring. Folk på tur vil møte utvalgte dikt, sitat og regle	Søker ønsker å utvide opplevelsen av å gå den universelt utforma stien rundt Herjevatnet til også å bli en litterær opplevelse. Man vil møte 24 tavler med dikt, sitat og regler. Disse vil bli vakkert utformet av profesjonell grafiker og produsert av profesjonelt skiltfirma, for deretter å bli montert på stenger i blikkhøyde festet til stein.	Avslått	330 000	0	Med avgrensa ramme til fordeling vart ikkje blei ikkje tiltaket prioritert.
1576-Aure	Melland Forts Venner	Utvikling av lekeskog på Aures mest populære utfartssted.	Aure kommune omtaler Støttepunkt/Melland Fort som kommunens mest populære utfartssted for både fastboende, turister og andre besøkende. Det er ønsket støtte til utvikling av lekeskog i området som er tilrettelagt for rullestoler, barnevogner, sykler og føtter. Stedet forteller et viktig budskap om hva som skjedde her under 2. verdenskrig.	Innvilga	67 500	50 000	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Det er ein føresetnad at tiltaket ikkje er i konflikt med kulturminnene i området.
1506-Molde	Selskabet for Molde Byes Vel	Tysk bunker i Banehaugen. Tilrettelegging for formidling av krigshistorie.	Ønsker støtte for å kunne tilrettelegge for formidling av krigshistorie i tysk bunker i Banehaugen.	Innvilga	177 000	30 000	Til formidling av regional og viktig lokal krigshistorie/historien om den kalde krigen. Midlene skal gå til indre restaurering av bunker og/eller informasjonsskilt.
1573-Smøla	Smøla museum	Skilting på Smøla museum sitt anlegg i Sanden på Veiholmen.	Smøla museum søker støtte til skilting på husene og et opplysningsskilt om selve museumsanlegget for å gi publikum en bedre informasjon om anlegget utenom ordinær åpningstid.	Innvilga	18 750	18 750	Veiholmen ligg inne i Regional delplan for kulturminne. Smøla museum ønsker å gi publikum betre informasjon om anlegga på Sanden på Veiholmen utanom ordinær opningstid gjennom opplysningsskilt.
1573-Smøla	Smøla Nærings- og Kultursenter KF	Kulturminneløype med digital opplevelse	Kulturminner på Edøya og Kuli skal formidles gjennom en kulturminneløype sammen med en mobil AR app. Kulturminnene skal sys sammen i historien om fru Guri av Edøy. Kulturminnene som skal formidles er; Edøyskipet, Edøystjerna, Edøy gml. Kirke, Kulisteinen og Gurisentret (fru Guri av Edøy) samt Alterskap fra Veyen. Det skal skiltes, lages løyper og produsere kart og informasjon om tiltaket. Prosjektet retter seg mot formidling til barn og unge spesielt.	Innvilga	400 000	250 000	Kulturminna på Edøya og Kuli er av nasjonal og internasjonal verdi, og det er av stor interesse å formidle desse gjennom ei kulturminneløype saman med digitale verkty.  Tilskotet skal nyttast til utvikling av stien gjennom å legge opp løyper, material knytt til anlegging av stien, skilting og utsetting av tagger.
1506-Molde	Stiftelsen Romsdalsmuseet	Tilrettelegging med utbetra sti og utedo på Prestneset i Nesset i samsvar med skjøtelsplan.	Ønsker støtte for å sikre betre tilgjenge, vern og bruk av Prestneset friluftsområde. Det skal utbetrast eksisterande natur- og kultursti med geoduk og grusing samt at det skal byggast ein utedo.	Avslått	40 000	0	Søknaden er mottatt etter søknadsfristen og blei derfor avslått.
1579-Hustadvika	Stiftelsen Steinløftet	Stiftelsen Steinløftet i Eide opparb. en skulptursti på Vevang i tilknytning til bunkere fra 1945.	«Opplevelsessti Sti for hjerte Stiftelsen Steinløftet» i Eide i Hustadvika kommune ønsker støtte til å opparbeide en skulptursti/opplevelsessti på Vevang, med skogområde, glattskurte berg og ett stort bunkerområdet fra 2 verdenskrig med utsikt mot storhavet. Vårt mål og visjon er å skape et samspill og knytte sammen friluftsliv, natur, kunst og fortidsminner, og å skape en unik opplevelse for alle aldre.	Innvilga	1 773 000	250 000	Området på Vevang ligg i eit flott kystlandskap, og her finn ein fleire krigsminne frå andre verdskrig. Krigsminneområdet er av lokal, regional og nasjonal verdi. Tilskuddet skal nyttast i fase 1 av prosjektet, til sikring, skilting og tilrettelegging av krigsminna. Tiltaka skal gjennomførast i samråd med fylkeskommunen.



## Skilting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne

1525-Stranda	Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv	Friluftstiltak i verdsarvområdet Geirangerfjorden	Vi søker om tilskot til 3 konkrete tiltak i verdsarvområdet med omland: A. Steinsetjing og oppgrusing av Fosseråsa, Nasjonal turiststi i Geiranger. B. Oppsetjing av gapahuk/friluftsmøteplass i Eidsdal C. Skilting av turstiar i bygdene Geiranger, Norddal og Eidsdal og nokre informasjonstavler.	Innvilga	840 000	100 000	Tilsagnet skal nyttast til skilting av turstiar. Utbetring av Fosseråsa er 70 prosent finansiert av Miljødirektoratet. Når det gjeld gapahuk i Eidsdal er ikkje plasseringa oppgitt i søknaden og vi kan heller ikkje sjå at plasseringa er avklart med landskapsvernforvaltninga.
1525-Stranda	Stranda kommune	Tilrettelegging av sti over Vardegjelet i Sunnylvsbygda	Ønsker midlar til eit prosjektet for å setje i stand ein gammal kløvveg øvst i Sunnylvsbygda. Etter vegomlegginga (1941) vart kløvstien ikkje lenger nytta for motorisert ferdsel, men til gang- og delvis sykkelveg. Det er mange som nyttar stien som tur- og trimsti. Dette krev eit visst vedlikehald, spesielt rydding av vegetasjon.	Innvilga	84 250	60 250	Tiltaket er i tråd med formålet for ordninga. Det er ein føresetnad for tilskotet at det ikkje vert bygd nye murar eller at stiane ikkje vert grusa utan rådføring med fylkeskommunen.
1563-Sunddal	Sunddal museumslag	Nytt opplysningsskilt på Leikvin	Støtte til nye skiltplater på parkeringsplassen på Leikvin, da det forrige blåste ned og ble ødelagt. Selve stativet er i orden, men det trengs nye skiltplater, med en liten revidering av tekst. Skiltet er tenkt som inngang til Leikvin kulturminnepark som blant annet inkluderer gravfeltet på Løykja som er utvalgt Bark objekt. Underlaget vil bli festet bedre for å unngå at det blir ødelagt på nytt. Skiltet var ikke inkludert av forsikring.	Avslått	50 000	0	Dei søker om 100 prosent finansiering. Søknaden blei ikkje prioritert.
1531-Sula	Sunnmøre friluftsråd	Gapahuk/grindbygg på Storholmen	Storholmen er den største og mest besøkte av Langevågsholmane i Sula. Det er eit stort ønskje frå dei mange brukarane å få på plass ein gapahuk/grindbygg slik at det blir hyggeleg å vere der også når det bles og regnar.	Avslått	150 000	0	Med avgrensa ramme til fordeling, blei ikkje tiltaket prioritert.
1531-Sula	Sunnmøre friluftsråd	Prosjektplan Hundsvær/Tyskholmen	Hundsvær og Tyskholmen ligg på sørsida av Ålesund, rett utanfor sentrum. På 50-talet vart det bygd betongmur med sluse, som no treng renovering for å fungere igjen.	Innvilga	103 000	50 000	Tiltaket vil bidra til sysselsetting og legge til rette for å kunne søke om statlege midlar til tilrettelegging.

## Skilting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne

1531-Sula	Sunnmøre friluftsråd	Flytting av toalett Blimsanden	Søklar ønsker støtte til å flytte toalettet til friluftsrådet på Blimsanden, ettersom grunnen der bygget står i dag gir etter. Bygget har tidlegare vore retta opp, men er no skeivt igjen.	Innvilga	15 000	15 000	Tiltaket er i tråd med formålet med ordninga. Liten sysselsettingseffekt, men viktig toalett. Ikke i statlig sikra område.
1531-Sula	Sunnmøre friluftsråd	Oppgradering parkeringsplass Stafsethneset	Parkeringsplassen på Stafsethneset i Ålesund treng oppgrusing og avgrensing. På dagar med mykje besøk, blir bilar køyrt ut på graset bak og ved sida av parkeringsplassen. Dette lagar sår og djupe spor i vegetasjonen.	Avslått	15 000	0	Tiltaket har liten sysselsettingseffekt og blei ikkje prioritert. I tillegg ligger Stafsethneset i statleg sikra friluftsområde og søkar kan søke om tilskot frå post 78 Tiltak i statleg sikra friluftsområde.
1539-Rauma	Susledalens Venner	Tilrettelegging av sentrumsnært turområde i Isfjorden	Foreningen har til formål å vedlikeholde og utvikle sentrumsnært turområde i Isfjorden med sikte på bedre folkehelsen og skape gode naturopplevelser for lokale i alle aldre. Formålet skal oppnås gjennom rydding av stier, tilrettelegging, klipping og skilting, naturmøteplasser langs stinettverket, informasjon, samarbeid og god dialog med grunneiere og Rauma Kommune samt mye dugnadsarbeid. Prosjektet er helt nytt, men er startet med bakgrunn i kommunedelplanen for Isfjorden.	Innvilga	98 750	50 000	Søknaden er i tråd med formålet for ordninga, men med avgrensa ramme til fordeling blir tilsagnet avkorta.
1560-Tingvoll	Tingvoll museumslag	Skilting av museumsområdet i Tingvollia, tilrettelegging for økt bruk og tilgjengelighet	Skiltingen av museumsområdet i Tingvoll er nå svært mangelfull, slik at besøkende har problemer med å finne fram til og benytte seg av alle tilbudene på området. Søker ønsker å utarbeide et informasjonsskilt som letter orienteringen i området samt mindre skilt inne på museumsområdet med opplysninger om bygninger og kulturlandskap. Dette vil gjøre området og mer tilgjengelige også utenfor åpningstid.	Innvilga	78 000	40 000	Tingvoll museum er startpunktet i eit populært turområde, og tilskotet går til informasjonsskilt for å gjere området tilgjengeleg også utanom opningstider.
1507-Ålesund	Ålesund kommune	Ferdselstelling på Sukkertoppen	Søker om tilskot til innkjøp av ferdselstellarar for å registrere/dokumentere ferdsel på Sukkertoppen. Ferdselstelljingar vil gi oss eit særskilt viktig datagrunnlag for vidare tilrettelegging og besøksforvaltning på og ved det populære turmålet. Ferdselstelljingar kan også bli brukt til andre teljingar innan friluftsliv ved seinare høve.	Avslått	32 900	0	Tiltaket blei ikkje prioritert innanfor ramma, då innkjøp av ferdselstellarar i liten grad oppnår formålet med ordna, både knytt til tilrettelegging, formidling og sysselsettingseffekt.
					5 351 293	1 400 000	

# Kompetansehevande tiltak for aktører innan kulturelle og kreative næringer

Møre og Romsdal fylkeskommune lyste ut ei tilskotsordning til kulturnæringshagar og andre kompetansmiljø for moglegheita å lage kompetansehevande tiltak, kursrekke og hjelp til produktutvikling til kulturelle og kreative aktører i Møre og Romsdal. Ordninga ønskja å sysselsette og/eller stimulere kompetansebedrifter ved at dei produserte kompetansehevande tiltak og/eller kursrekke for kunstnarar og aktører innan kulturelle- og kreative næringer. Hensikta var å gje rask hjelp til kunstnarar og andre aktører i arbeidet med å skaffe eksterne midlar til verksemda si under koronapandemien.

Både kulturnæringshagar, kompetansebedrifter og kompetanseinstitusjonar i Møre og Romsdal kunne søkje ordninga. Det kom inn tre søknader på ordninga. To vart innvilga og ein fekk avslag. Den samla søknadssummen var på 0,868 mill. kroner.

Kommune (søkjar)	Søkjar	Tittel på søknad	Beskriving	Prosjekt-status	Søkt	Innvilga	Vurdering
1506-Molde	Arild Hoksnes AS	Betre søknadar	Prosjektet "Betre søknadar" skal gje kunstnarar og aktører innan kulturelle og kreative næringer rask hjelp til å skaffe eksterne midlar til verksemda si ved å jobbe endå betre og breiare med søknadar. Dette blir gjort i ei nettbasert "gruppecoaching" - der ein blandar instruktive innleiingar med dynamisk dialog med deltakarane på det dei treng hjelp til. Sluttoproduktet er eigne søknadar som skal sendast inn til reelle kjelder. Gruppecoachinga på nett har inga begrensning på deltakarar.	Innvilga	150 000	150 000	Tema for prosjektet er "Betre søknadar", og tek sikte på å gi deltakarane økt kompetanse i å skrive gode søknadar, og oppnå støtte til prosjekt. Gjennom 8 sesjonar skal den einskilde øve seg på å bli profesjonell i heile kjeda frå idé til innsending av ferdig søknad i ein reell søknadsordning. Metodikken er gruppecoaching på nett frå august til oktober. Mellom dei 8 nett-møta arbeider deltakarane med oppgåver og får veiledning på dette. Minimumskrava er fylt og søknaden er truverdig i gjennomføring og realisme. Tidsplan ligger ved.
1506-Molde	Møre og Romsdal Kunstsenter	Kompetanseheving kurs for kunstnere	MRK, i samarbeid med BKMR og NKM, ønsker å arrangere kurs høsten 2020. Gjennom forelesing, konkrete eksempler, oppgaver og veiledning vil deltakere bli bedre på å formulere og presentere seg og sine kunstprosjekter – både i tekst og bruk av digitale hjelpemidler. Prosjektet har sikte på å skaffe støtte til prosjekter og gjøre kunsten mere synlig.	Innvilga	70 000	70 000	Medarrangører er Norske kunsthåndverkere Midt Norge (NKM) og Bildende Kunstnere Møre og Romsdal (BKMR). To helgesamlinger á to dager. De skal foregå fysisk på Plassen i Molde. Det er ikke beskrevet noen plan B mht koronasituasjonen og alternativ til fysisk oppmøte. Målgruppe er kunstnere. 1.samling handler om tilskuddsordninger og søknadsskriving. 2.samling er å lære og øve på digitale hjelpemidler og visuell presentasjon, bildetaking og markedsføring via nett. Eksterne kompetansespersoner blir leid inn. Alle minimumskrav er oppfylt og søknaden formelt er i orden. Søknaden beskriver godt hva som skal gjøres på kurset. Arrangørene stiller med 40 000 i egenkapital.
1573-Smøla	Smøla Nærings og Kultursenter KF	Kompetanseheving-digital formidling.	Smøla Nærings og Kultursenter KF har som mål å drifte den Digital Scene SmølaPuls for formidling av kultur og kulturliv på Smøla og ønsker å sette fokus på kompetanseheving innen feltet der vi lager filmproduksjoner for SmølaPuls. En liten kommune som Smøla har ofte problemer med å rekruttere unge arbeidstakere og motivere for ny etablering. Med SmølaPuls åpner det seg en unik anledning til å skolere og motivere.	Avslått	250 000	0	Minimumskravene er ikke oppfylt, og prosjektet gir deltakerne læring gjennom praksis, men ingen gjennomgang av tilskuddsordninger, opplæring i søknadsskriving. Målgruppen er ungdommer, og det er ikke beskrevet om de er kunstnere eller kulturelle og kreative aktører.
					867 500	220 000	





## Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde (postadresse)  
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Tlf: 71 28 00 00  
E-post: [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
Web: [mrfylke.no](http://mrfylke.no)